



STØRST AV ALT  
BORN OG UNGE I DEN NORSKE KYRKJA  
VOSS

Trusopplæring er viktig fordi dåp og opplæring hører saman. Det er kyrkja, saman med foreldre og fadrar, som har dette ansvaret. Stortinget har vedteke ei trusopplæringsreform (St.meld. 7,2002/2003) for alle døypte og tilhøyrande born i Den norske Kyrkja.

Dette inneber ein **T**-dag kvart år med ulike tema tilpassa alder.

Det er viktig å vera trygg i eiga tru og eigne tradisjonar, slik kan me møta andre med respekt. Dette ynskjer me å formidla på **T**-dagane våre. **Vel møtt!**

 Kyrkja i Voss

Magasinvegen 35, Pb. 562, 5703 Voss, Tlf. 56 52 38 80  
e-post: [t-dagane@voss.kyrkja.no](mailto:t-dagane@voss.kyrkja.no) , [www.voss.kyrkja.no](http://www.voss.kyrkja.no)  
Kyrkjelydspedagog, Tone Brekke  
Kateket Rønnaug Eng Skjeldal, Tlf: 95 26 20 25



HELT I KLASSE  
DU!

**T6**




Velkommen

til **T6**-dag

i Vangskyrkja

måndag 27. eller  
onsdag 29. august  
kl 17.00



# Velkomen til T6 til deg som er 6 år i 2012!

## SKULESTART!

Endeleg har du fått byrje på skulen. Kanskje var det litt spennande? Eller kanskje det berre var moro?

MÅNDAG 27. AUGUST KL. 17:00 - 18:30

(Vangen, Gjernes, Bordalen, Gullfjordungen, Bulken)

ONSDAG 29. AUGUST KL. 17:00 - 18:30

(Skulestad, Kløve, Palmafossen, Bjørgum, Evanger, Rongen)

er du invitert til VANGSKYRKJA  
for å feira at du har byrja på skulen.



Ta med: Eit kosedyr; ein bamse som du likar å kose/prate med. Ta med deg den og minst ein vaksen til kyrkja denne dagen.

PÅMELDING på SMS til ein av kontaktane på  
baksida innan **FREDAG 24. august.**

På samlinga vert det både  
POFF og PANG,  
kaffi og SAFT,  
ein bolle og ei OVERRASKING.

Du skal få teikne eller skrive ei bøn til Gud.  
Vi skal tenne LYS og få høyre ei FORTELJING  
om ein liten mann...

## Til foreldra:

Skulestart er ei viktig hending i familien, både for born og vaksne. Vi ynskjer at skuletida skal vera god for borna, at dei skal veksa og trivast. Skulestartmarkering i kyrkja er eit tilbod til alle døypte (og andre som vil vera med) der vi ynskjer å sette fokus på at borna er heilt 1. klasses og at Gud bryr seg om deira kvardag.

Gje beskjed:

- om barnet treng særskild tilrettelegging eller har mjølke-/glutenallergi
- om de kjenner nokon som vil vera med som ikkje har fått invitasjon.
- om de **ikkje** ynskjer at bilete av barnet skal brukast til presseomtale, internett eller brosjyre.